



Familien Miljeteig stilte som vanleg opp på festivalen

Rosendal Mat og Kunstfestival som no blir avvikla for fjerde gong, er eit imponerande foretak prega som det er av mangfald og kreativitet. Og gledeleg nok er flinke uskedelingar også med på både maten og kulturen.

Friheim Gardsmat
møter til dømes med eit familielag på 4 - det er Bjørg Inga, Anita, Kurt Inge og Bente - alle med etternamn Miljeteig. Dei fristar med 7 slags produkt,



Treskulptør av klasse - Arne Askeland

Og i Sebastian Jazz Crew som har 5 på laget spelar slagverkaren Sindre Aksnes frå vår bygd saman med Anders Bennæs, Marius Lamberg Torjusen, Tobias Lamberg Torjusen og Sebastian Lamberg Torjusen.



Marete I Lundbakke dekorerte gråtassen



Sindre Aksnes er eit slagverktalent og spelar her med Sebastian Jazz Crew

Etter kvart som folk strøynde til i stadig større skarar i føremiddag gjorde også mange frå vår bygd entre og her er nokre få døme på det ein kan kalle kuriosa som dei opplevde:

* Ved inngongen var Marete Lundbakke frå Eidfjord i ferd med å dekorara eingråtass som er eigd av ein i Rosendal. Ho er utøvar av noko så spesielt som garage art og lever av å dra land og strand rundt og måle på bilar, traktorar og motorsyklar

* Treskulptør Arne Askeland lagar kunstverk av trestokker og kunne presenteraportrett av Ola Bull, ein buddha og Olav den hellige som døme på kva han kan utretta med motorsaga. Den første figuren han laga i dag var ei ugle, som vart auksjonert bort.

- * Lokale matkunstnarar vart denne gongen overskygga av rikskjendis Bodil Nordjorde frå Telemark som svinga opp med grilling av lam og prata ei herleg dialekt. Og vi som trudde vi hadde høyrte det meste på telemarksmål...
- * Åse Bratland som også er frå Telemark men bur i Gjetingsdalen har nokre sær sår fristande produkt av silke og kashmirull. Vi falt også for rosemålinga til Mette Torekoven.
- * Rosendal har lenge vore i gang med produksjon til eit strikka juletre!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Meisterkokka frå Telemark i arbeid